



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Stord, den 18.januar 2017

Høyringsuttale kommunedelplan ferjefri E39 Stord – Os, Ådland - Svegatjørn

Stord Næringsråd (SNR) er ein frittstående interesseorganisasjon med 148 medlemmer. Me arbeider for næringslivet sine vilkår for å fremja handel, service, handverk, industri og reiseliv. SNR arbeider òg for andre aktuelle samfunnsoppgåver som er viktig for sysselsettinga på Stord, og som er med å sikra at næringslivet til ei kvar tid har best mogleg rammevilkår. Stord er regionsenter i Sunnhordland, og SNR skal styrkja Stord sin identitet som by og som handels- og regionsenter.

Sunnhordland er ein sterk region, og den nest største i Hordaland etter Bergen. Sunnhordland er eit industrielt tyngdepunkt mellom Stavanger og Bergen. Regionen har ein sentral posisjon når det gjeld verdiskaping i landet – spesielt innafor leverandørindustrien til olje- og gassektoren, maritime næringar og innan sjømatproduksjon.

SNR er svært glad for at kommunedelplan ferjefri E39 Stord – Os no er komt på høyring. Ein ferjefri E39 mot Bergen, som bind oss tettare til fylkeshovudstaden vil utløyse nye moglegheiter for mobilitet og gje større pendlarområde. SNR meiner også at pionerarbeidet med ei bru over Bjørnafjorden vil gje positive effektar innafor reiseliv, og ikkje minst vil brua over Bjørnafjorden verta ein attraksjon i seg sjølv.

Ein ferjefri E39 Stord – Os vil i tillegg til Rogfast halvera reisetida Bergen - Stavanger, og binda Vestlandet saman.

Til planforslaget

Som SNR tidlegare har peika på må faglege argument vektleggast, og kortast mogleg reiseveg må i utgangspunktet vera det viktigaste for å få best mogleg mobilitet og størst mogleg felles bu- og arbeidsmarknader.

Det overordna viktigaste for kommunedelplan ferjefri E39 Stord - Os, er at den vert med i NTP i 1. periode (2018-2021) med oppstart i 2018.

Alternativ B med midtre kryssing av Langenuen er heilt marginalt betre enn alternativ F med kryssing av Langenuen i sør.

For næringslivet på Stord og for Sunnhordland som region er alternativ F, med kryssing av Langenuen i sør viktig. Alternativ F vil på ein betre måte binda Sunnhordlandsregionen saman, og leggja til rette for eit framtidig fastsamband mot Kvinnherad og ein diagonal frå E134 mot Bergen.

SNR har ikkje merknader knytt til kva brukonsept som skal veljast for kryssing Bjørnafjorden, men deler Statens vegvesen sitt syn i å optimalisera dei alternative brukonsepta i det vidare planarbeidet. Her er det også viktig å nyttiggjera seg all tilgjengeleg offshorekompetanse som finns på Stord og resten av Vestlandet.

Det er generelt viktig at ikkje unødig mykje areal vert bandlagt langs traseen, men at ein i detaljplanlegginga finn gode løysinga for skjerming mot støy der det er behov. Også kor det er gjort tunge investeringar langs traseen er det viktig å finna løysingar som ikkje kjem i konflikt med desse.

SNR ber også Statens vegvesen sjå denne kommunedelplanen i samanheng med kommunedelplan for Heiane – Ådland/Nordre Tveita, når detaljar rundt kryss og avkjørslar vert lagt, slik at ein får til optimale lokale løysingar på Stord.


Samfunnsnyttan av ferjefri E39 er svært stor for Norge som nasjon, og dette må fremhevas enda sterkare i det vidare arbeidet fram mot politiske vedtak i Regjering og Storting.

Avslutningsvis vil me også peika på nytten av å bygga ut infrastruktur for å kompensera for bortfall i investeringar mellom anna på Norsk sokkel. Det ligg også gode moglegheiter for å nyttiggjera seg kompetanse som er ledig, og på den måten bidra til å auka sysselsettinga på Vestlandet.

Stord Næringsråd ønskjer lykke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Stord Næringsråd



Anne-Grete Sandtorv

Dagleg leiar

Kopi: Stord kommune og kontaktutvalet Hordfast, Hordaland Fylkeskommune